OM BLOMAR OG BIER

Honningcentralen sin annonse, «Den sanne historien om blomster og bier», kan sjå ut til å ha som formål å ville påverke det retoriske publikummet til å velje deira produkt. For å oppnå dette nyttar dei fleire retoriske verkemiddel.

Forholdet mellom blomar og bier har i mange år vore nytta som ein metafor i seksualundervisninga i skulen og har såleis etablert seg som ein klisjé. I den samansette annonsen blir patos nytta gjennom å gi ei humoristisk framstilling der dei koplar denne kulturelle tropen saman med den viktige oppgåva til biene. Framstillinga av biene med tilhøyrande undertekstar gjev konnotasjonar til ei oversikt over seksuelle stillingar. Dette kjem også fram i kjelda: «…/kamasutra-for-bier-og-blomster». Denne samankoplinga blir også understøtta fleire stadar i sjølve teksten, som til dømes der biene blir kalla «…våre ivrigste rundbrennere».

I annonsen nyttar avsendaren seg også av appellforma logos. Gjennom skildringa av korleis biene gjer ein viktig innsats for pollinasjon og korleis dette «har enorm betydning for natur og miljø», argumenterer avsendaren med at det er fornuftig å velje norsk honning, sidan utanlandsk honning ikkje bidrar til pollinasjon i Noreg. Det kan i tillegg sjå ut som om utanlandsk konkurranse er definerande for den retoriske situasjonen til annonsen.

Honningcentralen kan seies å ha ein sterk innleiande etos i kraft av deira posisjon som ei veletablert merkevare. Deira etos blir ytterlegare forsterka gjennom korleis dei framstiller seg som at dei er vel så oppteken av biene sine bidrag til natur og landbruk som av deira rolle som produsentar av deira seljelege produkt, nemleg honning.

Som konklusjon kan ein seia at Honningcentralen nyttar dei retoriske verkemidla på ein effektiv måte for å oppnå formålet til annonsen; å selje meir honning.

Kjelde: Honningcentralen. (2024, 7. juni). *Den sanne historien om blomster og bier. (PS! Inneholder seksualiserte skildringer).* Kreativtforum.no. https://www.kreativtforum.no/arbeider/kamasutra-for-bier-og-blomster

UT OR ROLLA

Jon O. Lorentzens novelle «Sorti» (2024) er ei kjensleladd og stille forteljing som kretsar kring temaa einsemd og tap i tillegg til vemodet og bitterheita som kan fylgje overgangane i livet. Gjennom retrospektive tilbakeblikk får vi som lesarar innblikk i ei familiehistorie som allereie er ferdig utspelt og berre minna sit att hjå protagonisten. Tittelen, «Sorti», har teatrale konnotasjonar og tyder utgang, gjerne frå ei scene. I novella møter vi ein mann som på liknande vis er på veg ut or livet.

Motivet i novella er som følgjar: Protagonisten er ein eldre mann som går gjennom huset ein siste gong før det skal seljast og kanskje tilmed rivast. Sjølv skal han etter alt å dømme flytte til ein leilegheit. Borna hans er for lengst vaksne og har etablert sine eigne liv. Det blir ikkje forklart kor kona hans er, men det verkar sannsynleg at hovudpersonen er enkemann, eller at han på ein annan vis har vorte åleine i livet. Avslutningsvis legg han nøkkelen i ein konvolutt i postkassa og reiser frå huset.

Forfattaren har vald ein autoral, allvitande forteljartype. Dette medverkar til at vi som lesarar blir teke med inn i ein intim og personleg situasjon og blir vitne til ei scene som elles ikkje ville hatt nokre vitne. Dette kjennast på ein måte viktig og sentralt i forhold til temaet i novella som kan seiast å kretse kring einsemd. At vi som lesarar får vere vitne til mannens avskjed med alt som har vore kan vekkje ein kjensle av solidaritet og gjere oss medvetne om korleis denne skjebnen ventar oss alle.

Novella beveger seg frå rom til rom i huset som mannen er i ferd med å forlate for siste gong. Sjølv om huset allereie er tømt, finst framleis spor og avtrykk etter livet som har vore levd der. Eksempel på dette kan vere skruehol i veggane etter hyller og avtrykk etter møbel på golv og tepper. Iblanda skildringane av desse spora får vi ta del i minna som straumar på hos mannen. På soverommet, til dømes, blir det skildra korleis farga på veggen var falma der bildane av borna hadde hengt. Protagonisten kjem så på namnet på veggfargen, eggkvit, og det blir kommentert at det var «[u]nderleg at han skulle hugsa nett det.» Det kan verke som om forteljaren vil seie noko om korleis protagonisten ikkje kan styra dei minna som kjem. Mannen er tilsynelatande ein passiv mottakar av denne minnestraumen som nærmast verkar vilkårleg.

Skildringa av tomleiken i huset er fleire stader sanseleg og målande, som til dømes i følgjande setning: «Stega hans slo mot han i eit framandt ekko i den tomme gangen der støvet dansa i sollyset.» Sjølv om stua er tømt for møbler og gjenstandar, kan mannen levande sjå for seg alt

slik det var før. Alle desse tinga blir knytt til kjensler gjennom eit språkleg bilde i setninga: «Avtrykka etter bilete og møbel danna ein labyrint av kjensler». At labyrint blir nytta som metafor kan seiast å gi assosiasjonar til ein kjensle av å vere fanga.

Det blir skildra korleis mannen smiler til seg sjølv når han minnest kona si og korleis ho hadde tillate han å opphalde platespelaren i stova. «Ho hadde vore grei slik, ho likte òg musikken». Her er kanskje den einaste staden i novella kor det blir uttrykt korleis vemod kan blanda seg med glede. Samstundes er dette det næraste vi som lesarar kjem på kona til mannen.

Når mannen går innom barnerommane får vi lett attkjennande skildringar av avtrykka som barndommen har etterlate seg - «kroken til gitaren, myriader av hol etter teiknestiftar og spiker, der hadde cd-hylla stått…». Iblanda desse skildringane får vi korte anekdotar om livet som fra til små barn og seinare tenåringar. Desse skildringane gjer inntrykk av ein snill og omsorgsfull far som var veldig glad i borna sine. Det kjem fram at sonen til mannen no har fått ein eigen son, slik han sjølv hadde fått «ein gong for lenge sidan, alt for lenge sidan.» Bruken av gjentaking får fram ein kjensle av nostalgi og vemod over alt som er forbi.

Den teatrale tittelen på novella, «Sorti», kan seiast å vere ein sentral metafor som speler seg ut i fleire delar av novella. For det første er scena ein metafor for verda, medan menneska er som skodespelarar som kommer på scena og tek på seg forskjellige roller. For det andre er rollene som vi tek på oss midlertidige, nett slik som på ei teaterscene. Når alle rollene er utspelte og karakterane har gjort sine sorti, er stykket ferdig.

I eit kort avsnitt blir det skildra korleis mannen kjennar på ein indre tomleik som kan seiast å spegle tomleiken i huset. «Augene hans stira inn i eit vakuum, ingenting att, knapt luft, berre kjensler og minne. Hjartet dunka». Skildringa av denne indre tomleiken kan seiast å uttrykke korleis det er ingenting att når alle rollene er utspilt, i dette tilfellet mannen sine identitetar som far og ektemann.

I siste del av novella er mannen på veg ned i kjellaren, men ombestemmer seg. Han kjem på at det ikkje er noko att der nede. Likevel får vi ei skildring av dei gode stundene han hadde i lag med borna sine ved høvelbenken i kjellaren. Uttrykket «[f]ar og born på lånt tid» seier noko om at rollane som ein gong var verkelege og viktige, ikkje lenger finst til aller at dei ikkje lengre er gyldige.

Klimakset i novella inntreffer i det mannen setter seg inn i den ventande drosjen. Fram til dette punktet har det vore ei jamn stiging i korleis intensiteten i stemningsleiet til mannen har vore skildra. No kjem denne indre tilstanden til uttrykk gjennom tårar: «Han ensa ikkje tårane som rann». Dette kan tolkast som eit forløysande og avgjerande augeblikk. Mannen spør seg avslutningsvis om kor skjerene skal bygge reir når trea og hekken blir borte. Dette kan lesast som at skjerene her blir stadfortredarar for mannen sjølv som no ikkje lengre veit kor han høyrer heime no som alle rolla er brukt opp.

I Lorentzens novelle får vi ei sart skildring av ein mann som går gjennom ein sår og vanskeleg overgang i livet. Novella tek opp viktige tema som einsemd, alderdom og tap av identitet. På mange måtar kan novella minna om siste scene i eit teaterstykke – scena er allereie tom og den siste gjenværande karakteren går ein avsluttande runde før han gjer sitt endelege sorti.

Kjelde: Lorentzen, J.O. (2024). Sorti. *Aurefiske på Eigerøy*. Svein Sandnes bokforlag AS.